

## Referat frå møtet med frivillege Lag og organisasjonar

Onsdag 15.01.20

kl 18.00 – 20.00

Stad: Heradshuset

- Orientering ved Monica om Heradshuset- og at dei på kultur ynskjer at Heradshuset skal vere ein møteplass
- Orientering heimesida kultur

### **Saker:**

#### **Tilskotsportalen:**

- Kultur hadde eit møte i mars 2019 om tilskotsportalen og fleire melde seg på
- Gjennomgang av påmelding, og korleis denne portalen virkar
- Spørsmål om det kan vera lurt å ha kurs om søknadsskriving?
- Alle lag og organisasjonar i Aurland kan melde seg på Tilskotspotalen, fordi kommunen abonnerar på denne. Når du er registrert og lagrar dine favorittordningar, vil du få varslar ved nye frister eller når fristen nærmar seg.
- Ordna etter tema og kategoriar: Helse, miljø, kultur osv
- Kan søkje hjå fleire forvaltarar med same prosjektet
- Dersom fleire lag og organisasjonar samarbeider, jo lettare er det å få midlar. Ikkje gje opp med avslag i første runde.
- Søknad, medfører oftast rapportering tilbake etter endt prosjekt/jobb.
- Staten deler ikkje frie midlar til kommunane lengre. Må søka om peng på satsingsområder til staten. Gode søknader. Beste vinn.
- Kommunen ynskjer at alle frivillege lag og organisasjonar registrerer seg og brukar denne portalen.

#### **Kulturmidlar:**

- Budsjettposten er på kr 300.000,-
- Misnøye om at det er utbetaling først i midten av juni. Burde vore utbetalt i tidlegare. Spørsmål om tidlegare søknadsfrist. Søknadsfrist 15.01 til dømes? Ulempen er at rekneskapet er ikkje godkjent så tidleg. Difor held me på den noverande søknadsfristen inntil vidare: **15. mars kvart år.**
- Kulturmidlar, all informasjon ligg på heimesida. Ta kontakt med kultur dersom du treng informasjon eller støtte.
- Kontaktperson spelemidlar: Hallgeir Høydal
- Kulturmidlar Monica Hille og Målfred Loven

#### **Anleggspolitikk og spelemidlar:**

- Anleggspolitikk og tildeling av spelemidlar vert no nye Vestland fylke.
- Kostnader inntil kr 80.000,- ikkje søknadsfrist på det.
- Leikvollen og Aurland skyttarlag har nyttar seg av denne ordninga.
- Bruka dei som ressurs også.
- Bestemmelser om tilskudd – 2019- gjeld frå 2020.

- Ta alltid kontakt med kultur når du har spørsmål vedrørende spelemidlar, eller spørsmål om saksgangen ved ein eventuell søknad, eller dei ulike fristane. Kultur må få prosjektet inn i dei kommunale planane, budsjett og handlingsplan og det må vera fullfinansiert.
- Krev ganske mykje dokumentasjon. Alle anlegg ein søker støtte om må stå i handlingsplan til kommunale planar. Spelemidlar får ein ikkje utbetalt før etter 3-4 år etter endt prosjekt.
- På anleggsregisteret.no må anlegget vere registrert
- Du kan få spelemidlar for 2 typar anlegg: Nærmiljøanlegg og Ordinære anlegg. Døme: Toalett til nærmiljøanlegg er ordinære anlegg.
- Løpetiltak og overnatningshytter er også ein kategori.
- Kommunane har frist 15. januar. Alltid kommunen som sender den ifrå seg.
- Kontroll og sjå om alt er greit før innsending til Fylkeskommunen
- Tilsagn 15. juni.
- Handlingsplan fysisk aktivitet og folkehelse. Som K-Styret skal vedta.
- Dei nye innspela i år er skyvd ut til 2021. Kun gamle prosjekt som vart med i forlengelse av den gamle handlingsplanen med dette året.
- Fokus på anlegg fysisk aktivitet, (også nærmiljøtiltak).
- Tenk kombinasjon leik og fysisk aktivitet.
- Får ikkje spelemidlar til leikeapparat
- Utvalet vårt heiter Levekårsutvalet, og det er det same som tidlegare OOK

- **Frivilleghetspolitikk i kommunane:**

- Liste over frivillige lag og organisasjoner –ligg på heimesida.
- **Kwart lag og organisasjon må gje oss på kultur melding om det er nye kontaktpersonar.** Gå inn på heimesida og sjå under frivillege lag og organisasjoner og oppdater til oss på kultur.
- Samarbeid er eit nøkkelord. Han tenker særskild på skytterlaga.
- Rapport som vart orientert om vert lagt ut på kommunens heimesida.
- Frivillig.no
- Link til nettsider hadde vore supert å fått inn på desse listene me har
- Legg ut aktivitetar på: Kva skjer i Aurland kommune
- Lag og organisasjoner kan ha møter her på Heradshuset. Ta kontakt

Neste møte vert i juni!

Tusen takk for oppmøte og engasjement!!

Helsing Kultur

-referent Monica Hille-